

Sogndal, 26.03.2021

## Innspel til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Vi viser til invitasjon til å kome med høyringsinnspel til Regional plan forinnovasjon og næringsutvikling.

### 1. Om Vestlandsforskning

Vestlandsforskning er eit av dei samfunnsfaglege institutta i Noreg og vi er lokalisert i Sogndal i Sogn og Fjordane. Vi er eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den internasjonale FoU-arenaen som leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling. Vi formidlar kunnskap og arbeider for at ny kunnskap vert teken i bruk. God vitskapleg publisering og langsiktig kompetansebygging er avgjerande for instituttet sin kvalitetsutvikling og konkurranseevne. Instituttet har om lag 35 tilsette og ei årsomsetning på nærmere 40 millionar. Instituttet har ein tverrfagleg profil, og temaområda for forsking er klima, miljø, energi, transport, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), regional utvikling og reiseliv. Vi har ei rekke samarbeidspartnarar, både i næringsliv, offentlege institusjonar og FoU-institusjonar både regionalt og nasjonalt. Instituttet har også eit stort internasjonalt FoU-nettverk.

Vestlandsforskning er ein sentral og viktig del av det regionale innovasjonssystemet i Sogn og Fjordane og Vestlandet. Det har vi vist gjennom sterke resultat frå ei rekke forskings- og utviklingsprosjekt (FoU) sidan oppstart av forskingsinstituttet i 1985. Instituttet held høg fagleg kvalitet vist gjennom publisering av forskingsarbeid i internasjonalt anerkjente tidskrift. Vi har ambisjonar om å vidareutvikle instituttet til å vere eit robust forskingsmiljø for framtida med regional, nasjonal og internasjonal relevans.

### 2. Innspel til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

#### Generelle kommentarar:

Det er ein god og kompakt plan. Det er svært bra at det blir lagt vekt på kunnskapsutvikling og kunnskap som grunnlag for omstilling. Universitets- og høgskulesektoren, saman med instituttsektoren, må ta eit særskilt ansvar for å utdanne studentar med relevans for regionen og utvikle kunnskap som næringa og det offentlege treng. Vi merkar oss også at FoU er sentralt og at internasjonal FoU med EU-program blir prioritert. Det blir viktig å satse internasjonalt i åra framover, og bygge eit apparat og system som forstår EU og som klarer å mobilisere til erfaringsutveksling.

#### Spesifikke innspel:

Næringsutvikling frå offentlege tenester, t.d. E-helse:

Det manglar ei skildring av korleis ein skal satse på E-helse i åra framover. Dette bør ha eit stort potensiale i Vestland utfrå behova i ein stor offentleg sektor. E-helse blir noko av det viktigaste å prioritere for å oppretthalde velferdssamfunnet og ta hand om eldrebølgja. Det pågår ei rekke forskingsprosjekt innan E-helse (også i Vestlandsregionen) som kan gje viktige input til denne satsinga.

## Regional innovasjonsinfrastruktur:

Regional innovasjonsinfrastruktur blir framheva i planen. Eit viktig element her er å bygge gode miljø som sikrar nærliggande til viktige næringar. Regionale nodar/campus som samverkar og er aktive i nettverksbygging er ei viktig brikke for å bygge ein robust region.

## Innovative og inkluderande samfunn:

Vi ser veldig positivt på at dette området er framheva. Men det burde vere tydelegare fokus på korleis ein skal få til vesentleg meir mangfold i rekruttering til teknologifag. Det er eit stort potensiale i å sikre betre rekruttering til teknologifag. Det vil både styrke utdanningsmiljøa i Vestland og auke tilgangen til rett arbeidskraft til det viktige omstillingssarbeidet.

## Grøn næringsutvikling:

Planen skildrar grøn næringsutvikling godt. Vestlandsforsking ynskjer å framheve det nasjonale senteret for berekraftig klimailpassing, Noradapt, som ein viktig brikke i dette arbeidet. Her inngår ei rekke brukarpartnarar frå næringslivet. Satsinga på klimaomstilling i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet er også relevant

Reiselivet er i stor krise etter Covid 19 og bør få spesiell merksemd dei neste åra. Vestland er ein av dei største reiselivsregionane i Norge. Reiselivet har stor lokal verdiskapings- og sysselsettingseffekt, og dekker heile regionen. I tillegg har reiselivet potensielt store klimakonsekvensar og vil difor vere ei viktig næring når det gjeld omstilling. Denne omstilling har ein unik moglegheit til å trå i kraft etter covid-19, og det er viktig at retninga er kunnskapsbasert. Vi oppfordrar til ei større satsing innan reiseliv dei neste åra.

## Samarbeid for å nå dei felles måla:

Stiftinga Vestlandsforsking har inngått partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune for 2021 og 2022.

Gjennom denne tette koplinga vil stiftinga bidra til å nå måla i planen. Vestlandsforsking deltek også i forskingsprogrammet FORREGION, saman med Vestland Fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet. Her vil det vere sterke synergier med å bidra til å nå måla i planen. Vidare gjennomfører Vestlandsforsking ei rekke forskingsprosjekt for RFF Vestland som også vil vere relevante. I tillegg deltek instituttet i ulike arena for diskusjon og samarbeid.

Beste helsing



Anders-Johan Almås; Direktør Vestlandsforsking